

Vedlegg 1

Tildeling og retningslinjer for bruk av midlar i prosjektet «Skills for the Future 2018-2020»

Møre og Romsdal Fylkeskommune søkte 1. februar 2018 om prosjektstøtte frå Erasmus+ til gjennomføring av prosjektet «Skills for the Future 2018-2020». Søknaden vart sendt inn med totalt 11 norske og 15 utanlandske partnerar. For å ta del i prosjektet, hadde kvar norsk organisasjon hausten 2017 sendt inn ein søknad til fylkeskommunen med skildring av ønska utplassering/hospiteringsopplegg, og med signerte kontraktar med utanlandsk partner(ar). Søknaden vart godkjent av Senter for Internasjonalisering av Utdanning (SIU) i mai 2018, og fylkeskommunen fekk tildelt 253 726 Euro til prosjektet.

Møre og Romsdal fylkeskommune fordeler dei tildelte midlane til dei norske, deltakande organisasjonane i prosjektet etter faste satsar frå Erasmusprogrammet. Tildelt sum blir stipulert med utgangspunkt i antall deltakarar som skal reise, lengde på opphaldet, og geografisk reiselengde. Dei nytta satsane er lista opp på s. 60-63 i «Erasmus+ Programme Guide», som ligg tilgjengeleg på nettsidene til Erasmus+ og Senter for internasjonisering av utdanning (SIU). Før organisasjonen mottar midlane frå fylkeskommunen skal det fyllast ut eit deltakarskjema med kontaktinformasjon for kvar deltakar, utreise og heimreisedatoar, mottakarland og fagområde. Innsendt deltakarskjema dannar grunnlaget for stipulering av tildelt sum.

Dei tildelte midlane skal berre brukast til å dekke reise og opphald for elevar, lærlingar, fagskulestudentar og tilsette, i forbindelse med utplassering eller hospitering ved ein godkjent organisasjon i utlandet. Opphalda må vere på minimum 10 arbeidsdagar for elevar, lærlingar og studentar, og på minimum 2 arbeidsdagar for tilsette. Organisasjonen kan velje å spreie utplasseringane over ulike periodar i løpet av skuleåret, men dette må spesifiserast i deltakarskjemaet. Dersom dei tildelte midlane rekk til å finansiere reise og opphald for fleire deltakarar enn først antatt, kan organisasjonen auke antallet, gitt at mottakarorganisasjonen har høve til å ta i mot alle deltakarane. Fylkeskommunen skal så tidleg som mogleg informerast om alle slike endringar i prosjektet, samt andre endringar som kan ha innverknad på bruken av dei tildelte midlane. Dersom det påløper høgare kostnader for reise og opphald enn tildelt sum, må dette dekkast av den enkelte skulen/opplæringskontoret som sendar deltakarane. Lomme pengar og liknande skal den enkelte deltakar sjølv stå for.

Fylkeskommunen tilrår at kvar skule opprettar eit eige prosjektnummer for prosjektet. Dette gjer det enklare å halde oversikten over midlane. For oppretting av prosjektnummer kan skulen ta kontakt med økonomiseksjonen i fylkeskommunen. Opplæringskontora og kommunen finn eigne måtar å handtere midlane på i sine system.

Fylkeskommunen må etter endt prosjektperiode rapportere til Erasmus-programmet på bruken av prosjektmidlane. Kvar sendarorganisasjon pliktar difor å gi relevant og korrekt informasjon om sine deltakarar til fylkeskommunen, slik at rapporten gjennomførast korrekt og innan satt frist. Kvar av dei norske sendarorganisasjonane skal etter heimreise gjennomføre evaluering av utanlandsopphaldet for alle deltakarane. Sendarorganisasjonen skal så sende ei oppsummering av gjennomføringa til fylkeskommunen, saman med signert evalueringsskjema frå den utanlandske mottakarorganisasjonen. Oppsummeringa og signert skjema skal sendast seinast ein månad etter at reisa er gjennomført.